



Ålfotbreen
verneområde styre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde styre
Møtestad: Sogndal
Dato: 04.04.2024
Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte vert i samband med oppstartsamling for nye nasjonalpark- og verneområde styre i Sogndal 3. og 4.april.

Merk at vi har noko kort tid på dette styremøtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/24	Ålfotbreen verneområdestyre - konstituering av styre for 2024-2027		2019/2582
ST 3/24	Ålfotbreen verneområdestyre - delegeringsreglement		2019/2582
ST 4/24	Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2024		2019/2582
RS 1/24	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2024		2019/10793
ST 5/24	Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding i samband med hjortejakt		2020/4402
ST 6/24	Ålfotbreen verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidler 2024		2019/4056
ST 7/24	Eventuelt		

ST 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/24	04.04.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - konstituering av styre for 2024-2027

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ingen framlegg i saka.

Saksopplysningar

Nye styrerepresentantar til Ålfotbreen verneområdestyre, med personlege vara, er utnemnd av Miljødirektoratet. Representantane kjem frå Gloppen kommune, Bremanger kommune, Kinn kommune og Vestland fylkeskommune.

Styret skal konstituere seg sjølv. Det skal veljast styreleiar, nestleiar og eventuelt arbeidsutval.

a. Val av styreleiar

Styret skal velje styreleiar. Oppgåvene som ligg til styreleiarvervet:

- Leie styremøta
- Vere forvaltar sin overordna
- Planlegge styremøte saman med forvaltar
- Representere styret i ulike samanhengar

Styreleiar har dobbeltrøyst ved likt stemmetal i styret.

Styreleiar får leiargodtgjerdsle i møta, som er noko høgare enn godtgjerdsle til andre styremedlemmer.



b. Val av nestleiar

Styret skal velje nestleiar. Nestleiar fungerer som leiar og har leiar sine oppgåver når leiar ikkje er til stades.

c. Val av eventuelt arbeidsutval

Styret kan velje arbeidsutval. Det er lite aktuelt i eit styre med berre fire representantar.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/24	04.04.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - delegeringsreglement

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ingen framlegg i saka.

Saksopplysningar

Styret har høve til å delegerer mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette står omtala i vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.

Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.*
- c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.



Delegeringsvedtaket som har vore gjeldande til no er slik:

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i kurante saker som omhandlar ferdsel, og som ikkje kan vente på ordinær handsaming i styret. Delegering gjeld eittårige løyver som har heimel i verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde. Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienteringssak på neste styremøte, og så snart som mogleg sendast via e-post til styret.

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker etter naturmangfaldslova § 48 dersom saken vurderast som kurant og at saka ikkje er nødvendig å førehavast styret. Ved tvil kontaktar forvaltaren styreleiaren.

Delegeringsvedtaket i den førre perioden er som de ser litt annleis formulert enn det som står i vedtektene.

Erfaringane med å delegere mynde er, i alle fall frå forvaltar sin ståstad, gode. Det kan gå fleire månader mellom styremøta og nokre av sakene som kjem inn er «hastesaker». Særleg gjeld dette motorferdsel. Med delegert mynde kan vi då likevel ta unna ein del enkle saker ganske raskt og effektivt, og vi gjer forvaltninga smidig.

Handsaming i møte:

Styret må vurdere:

- om det skal delegerast vedtaksmynde
- kva type saker det i so fall skal gjelde
- vilkår for delegerte vedtak

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/24	04.04.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2024

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ingen framlegg i saka.

Saksopplysningar

Handsaming i møte:

Verneområdestyret bør sette opp møteplan for resten av 2024. Det å sette ein møteplan no og få datoane sett av i kalenderen vil gjere det enklare å få gjennomført møta og få tilfredsstillande oppmøte. Det er særleg viktig i eit so lite styre. Erfaring syner at det er sær sars vanskeleg å finne datoar der alle kan når vi kjem i gang med året.

Nedanfor her er det sett opp aktuelle datoar for dei resterande møta. Det er då teke omsyn til møtekalendrane til kommunane og fylkeskommunen, inkludert relevante utval. Det er og teke omsyn til verneområdeforvaltar sin kalender.

Styremøte 1/2024

Vert gjennomført 4.april kl 13.00 i Sogndal i samband med Oppstartsamling.

Styremøte 2/2024

Møte nummer to for året vert ofte lagt til mai/juni. Då er vi i gang med barmarksesong og møte kan kombinerast med synfaring eller tur, i alle fall i låglandet og/eller på sjøen.

Aktuelle datoar:

21.mai	4.juni	24.juni
24.mai	7.juni	25.juni
27.mai	17.juni	26.juni
31.mai	20.juni	27.juni
3.juni	21.juni	28.juni

Styremøte 3/2024

Møte nummer tre er ofte lagt til september. Då er det framleis råd å kombinere med tur eller synfaring. Gjerne sjå på eit tiltak som har blitt eller blir jobba med den sesongen. På denne tid kan ein og gå opp i høgjellet om det er ønskjeleg.

Aktuelle datoar:

2.sept	19.sept	26.sept
3.sept	20.sept	27.sept
9.sept	23.sept	30.sept
13.sept	24.sept	
16.sept	25.sept	

Styremøte 4/2024

Møte nummer fire har fokus på planlegging av det komande året. Vedta budsjett, søke om tiltaksmidlar og liknande. Møtet er oftast lagt til november eller desember, og er vert halde innandørs.

Aktuelle datoar:

18.nov	28.nov	5.des
19.nov	29.nov	6.des
21.nov	2.des	9.des
22.nov	3.des	10.des
25.nov	4.des	



Arkivsaksnr: 2019/10793-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	1/24	04.04.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2024

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

- **Ny rammeavtale for arbeid i og rundt verneområda 2024-2027**
Den gamle rammeavtalen for arbeid i og rundt verneområdet gjekk ut ved nyttår. Verneområdeforvaltar og Statsforvaltaren har hatt ny rammeavtale ut på anbod. Avtalen gjeld både Ålfotbreen LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Det kom inn fire tilbod, og alle var kvalifiserte. Etter ei god vurdering vart det skriven avtale med tre av leverandørane. Gravdal Skog & Hageservice AS, Bygdeservice AS og Landskapservice AS. Avtalane vil gjelde for to år med opsjon om to nye år etter det.
- **Driftsbudsjett for verneområdestyret i 2024**
Verneområdestyret har fått tildelt kr 120.000 til drift av styret i 2024. Det skal dekke alle møtekostnader, godtgjerdsle og oppstartsamlinga i Sogndal 3.-4.april. Normalt sett vil dette vere dekkande, men vi har ikkje rom for andre samlingar, turar eller innkjøp.



- **Grunnstøtte**

Frå i år av får vi ei ny tildeling frå Miljødirektoratet, nemleg grunnstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur og anlegg. Støtta er fordelt mellom alle nasjonalpark- og verneområdestyre etter ein nøkkel. Naustdal-Gjengedal har fått 50.000 av desse midlane i 2024.

Styret står ganske fritt til bruken av desse, men tanken er at dei skal gå til drift og vedlikehald av tidlegare investeringar i infrastruktur og anlegg.

- **Nasjonalparkstatus**

Arbeidet med nasjonalparkstatus held fram frå Statsforvaltaren si side. Det manglar framleis positive vedtak om utgreiing i Bremanger og Gloppen. Seksjonssjef Orheim var i kommunestyret i Gloppen 8.februar og informerte om prosessen og nasjonalparkstatus.



Arkivsaksnr: 2020/4402-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 26.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/24	04.04.2024

Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om fleirårig løyve til helikopterlanding i samband med hjortejakt

Innstilling frå forvaltar

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader som er merka av på kart, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta. Løyvet gjeld for inntil fire landingar per år, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under landing/transport.
- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2024 til og med 2027.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Statens naturoppsyn skal varslast med sms til nr 975 95 102 før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for tilsvarande løyve frå Kinn kommune



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om løyve til helikopterlanding i samband med hjortejakt
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Tidlegare løyve til helikopterlanding

Søknaden

Leidulv Solvang søker om løyve til å lande med helikopter i samband med heimtransport av kjøt under hjortejakt. Solvang opplyser om at jaktfeltet i Grøndalen har 11 løyve, og at løyvet er tenkt brukt når dei feller fleire dyr langt frå veg slik at det vert vanskeleg å bere kjøtet heim.

Solvang har tidlegare hatt fleirårige løyve til dette føremålet der det siste gjekk ut ved nyttår, og han vil no fornye det for ein ny periode. Vedlagt til søknaden ligg kart med tre aktuelle landingsstader.

Forskrift og regelverk

Motorisert ferdsle er i utgangspunktet forbode til lands og i vatn i landskapsvernområdet. Forbodet gjeld og landing med luftfartøy. Men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon frå dette forbodet i enkelte tilfelle, mellom anna i samband med storviltjakt jf. verneforskrifta §3 pkt. 5.3.b):

Verneforskrifta § 3:

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:

[...]

b) storviltjakt

Styret har derfor heimelsgrunnlag for å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv sørge for å ha på plass naudsynte løyver i frå dei regelverka som vert handsama av kommune og andre. Til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12 i same lova.

Vurdering

Jaktlaget i Grøndalen har eit utfordrande terreng. I tillegg vert det jakta på ein slik måte at det kan bli felt mange dyr på ein dag, langt frå veg. Då er det ei utfordring å få frakta heim kjøtet slik at ein sikrar kvaliteten og tek vare på den ressursen som hjortekjøt er.

Dette er truleg grunnen til at det er eit eige punkt i verneforskrifta om motorferdsel i samband med storviltjakt, og eit slikt løyve kan heimlast direkte i verneforskrifta. Då er det vurdert i verneprosessen og det er opna for å gje løyve til motorferdsel til det føremålet.



Solvang har tidlegare hatt løyve i tre periodar til dette, samanhengande frå 2012. Vi har ikkje registrert noko negativt med dei tidlegare løyva, verken tilbakemeldingar frå andre eller med bruken av dei.

Solvang har merka av tre aktuelle landingsstader på kart, ein innerst i Grøndalsstorebotnen, ein oppe i fjellsida aust for Grøndalsstøylen og ein inst i dalen aust for Svartedalsvatnet. Det er ikkje skrive kor mange landingar som er naudsynt i løpet av ein sesong, men basert på tal løyve og landingsstadar vil det truleg vere tilstrekkeleg med opp mot 3-4 landingar per år.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka (jf. nml § 8) bygger på erfaring med tidlegare løyve og saker i dette området, samt databasar som naturbase og artskart. Desse databasane syner ikkje nokon førekomstar eller registreringar ved landingsstadane som kan verte påverka av aktiviteten. Det kan førekome hekking av rovfugl i dette området, men sidan søknaden gjelder jakttida på hausten er ikkje det relevant for denne saka. Saka er godt opplyst og kunnskapsgrunnlaget er godt, føre-var-prinsippet i nml § 9 vert derfor ikkje vektlagt.

Den samla belastinga av motorferdsel i dette området (jf. nml § 10) er liten. Det er særst få slike saker i Ålfotbreen, og dei fleste gjeld eit veldig lite tal på turar med helikopter. Dei løyva som vert gjevne til helikopterlanding i og rundt Grøndalen er stort sett knytt til hjortejakt og forsyningar til Blåbrebu. Omfanget av motorferdsel er derfor lågt og den samla belastinga er godt innanfor det som er akseptabelt. Det er ikkje venta at det kan oppstå skader på naturmiljøet, jamfør nml § 11. Bruk av helikopter er den mest skånsame og i praksis einaste aktuelle metoden for å gjennomføre slik transport på (jf. nml § 12).



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/24	04.04.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidlar 2024

Innstilling frå forvaltar

Pri.	Navn	Søkt om	Fordelt	Kommentar
1	Turskilt	5 000		Driftsmidlar
2	Rydde og merke sti Grøndalen - Svartedalen	30 000	30 000	
3	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	6 000		Driftsmidlar
4	Sti til Blåbrebu	100 000	100 000	
5	Rydde og remerke stiar i Grøndalen	20 000	20 000	
6	Informasjonsskilt	100 000	50 000	
	Sum	261 000	200 000	

Vilkår for tiltaksmidlane:

- Status på tiltak og bruk av tiltaksmidlar skal orienterast om på kvart styremøte.
- Inntil kr 20.000 kan flyttast mellom tiltak av verneområdeforvaltar undervegs i året. Større omfordeling skal godkjennast av styreleiar.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltalsmidlar for 2024
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Ålfotbreen verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2023. Verneområdestyret søkte om totalt 261.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 200.000 i tiltaksmidlar i 2023. Alle tiltak er godkjende innanfor postføremålet og kan brukast tiltaksmidlar til.

I tillegg har styret fått ei tildeling på 50.000 i driftsmidlar, som kan nyttast på drift, vedlikehald og reperasjon av infrastruktur. Dette er ein ny, men etterspurt post/tildeling.

Handsaming i møte:

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2024. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Styret søkte om midlar til 6 ulike tiltak, med samla estimert kostnad på 261.000. Med ei tildeling på 200.000 har vi altså ikkje full finansiering av den estimerte kostnaden på alle tiltaka, og styret må «spare inn» 61.000.

I praksis vil vi kunne dekke inn den manglande finansieringa med driftsmidlane på 50.000.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no. Styret kan og gje føringar for arbeidet med tiltak og tiltaksmidlar.

ST 7/24 Eventuelt